

Viktig føredrag om handtering av krisesituasjoner.

01.04.2016



Viktig føredrag om handtering av krisesituasjoner.

Dersom krisesituasjoner skulle oppstå, er det viktig at ein er godt førebudd slik at ein er i stand til å handtera det på beste måte. Komande onsdag, 6. april, kjem den utflytte uskedelingen Jan Morten Myklebust til Gamleskulen og held føredrag om erfaringar han har gjort i samband med to alvorlege ulukker på Sørstokken flyplass på Stord.



Markør frå øving.

Jan Morten Myklebust har jobba ved flyplassen på Stord sidan den var ny. I mange av desse åra har han vore flyplassjef. I løpet av 8 år i denne perioden opplevde han to store flyulukker med 13 omkomne. Han er såleis truleg den med tilknytning til Uskedalen som har mest erfaring frå å handtera slike krisesituasjonar.

I føredraget sitt snakkar han og om kor viktig det er at vi har planverk som fungerar samt at dei øver regelmessig for på denne måten å vera best mogleg førebudde på ei eventuell katastrofe.

Han vil koma inn på korleis dei møter og samarbeider med andre deler av støtteapparatet som politi, havarikommisjon og kyrkja. Møtet med presse, samt pårørande og overlevande vil han også snakka om.

Dette er eit svært viktig tema. Vi set også stor pris på at ein som set inne med så mykje kunnskap og erfaring om emnet, vil koma og dela dette med oss. Derfor håpar Uskedal Utvikling at mange møter i Gamleskulen onsdag kl.19 for å høyra føredraget som varer litt over timen.



Thomas A. Hjelmen

Luftambulansen. Viktig samarbeidspartner.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Illustrasjonsfoto